

Ny OHA
Kopi: IKA
or OA

Eikelandssosen 25. mars 2011

FUSA KOMMUNE		
SENTRAL ADMINISTRASJONEN		
Leiar	Telen	OHA
DATE	28 MAR 2011	
Ark. nr.	11/420	1
Ark. tittel	L12	
Ark. type		
Kassasjef	Gradering	

Fusa kommune
v/ ordfører
5640 Eikelandssosen

- 1) Reguleringsplan for området Holdhus.
- 2) Bygdastølen ski og tursenter.
- 3) Tomteareal sør for Holdhus oppvekstsenter (Hyttetomt).

Som leiarar i Hålandsdal idrettslag og stiftinga "Bygdastølen ski og tursenter" har me nokre spørsmål til Dykk. Som kjent er no Bygdastølen ski- og tursenter offisielt opna.

I samband med godkjenning av reguleringsplan for Bygdastølen vart det stilt krav frå Statens vegvesen til utbetring av vegsystemet før anlegget kunne takast i bruk. Dette gjeld vegkrysset ved avkjøringa inn på Solvangsvegen. Det er svært viktig å få framdrift i denne saka slik at vegen kan bli utbetra og vi kan få ei naudsynt skilting fram til skianlegget. Me er kjent med at det er starta eit arbeid med reguleringsplan for heile området frå gamle kyrkja og sør til skuleområdet der ein skulle ta med seg utbetring av krysset. Kva er status i dette planarbeidet?

I vinteren som no er på hell har me blanda erfaring frå vintervedlikehaldet på vegen mellom Holdhus og Solvang. Det har vore svært dårleg brøyting med til tider uframkomeleg standard. Vegen vidare opp til Bygdastølen har derimot vore svært godt vedlikehalden, glimrande utført vintervedlikehald. Som kjent er heile denne strekninga mykje brukt. Hålandsdalen leirskole transporterar born opp til skianlegget nesten kvar veke med buss. Det er også bussar som køyrer på skuleklassar frå Fusa-skulane. Det er i tillegg mykje privatbilisme og mange har køyrd seg fast og at hatt store problem i vinter. Slik kan vi ikkje ha det neste vinter. Kva vil Fusa kommune gjera for å få eit betre vintervedlikehald?

Vegen er dessutan smal og lite tenleg med store bussar og det er lite møteplassar. Slikt kan skapa situasjonar me ikkje likar å tenka på, og kan føra til alvorlege konsekvensar. Etter det vi kjenner til er vegen prioritert for utbetring, men ingenting skjer. Kva er status og framdriftsplan for opprustinga?

Fusa kommune kjøpte arealet som ligg sør for idrettsplassen på Holdhus. Hålandsdal idrettslag sendte i den forbindelse eit brev til kommunen vedr. planarbeidet for området. I brevet bad vi om å bli involvert i utforminga / planen for området. Hålandsdal idrettslag ser for seg å søkja om eit større arrangement innan sommarskiskyting. I det høve må det utarbeidast ein plan for den del av anlegget som ikkje stettar dei krav skiskyttarforbundet har til slike arrangement. Me foreslår ei felles befarig på området. Der vil me leggja fram / informera om dei korrigerane av arealet som må utførast før ein eventuell søknad om arrangementet.

Med vennleg helsing

Tor Gildestad
Leiar Hålandsdal il

Tor Gildestad

Gitle Berland
Leiar i stiftinga "Bygdastølen ski og tursenter"

Gitle Berland